



Telepost 3/2008 Oslo 14.05.2008

Gode Telelagsvener!

Det gjeng mot slutten på semesteret, og siste øvingskveld før sommaren er i morgo, 15. mai i Blåsalen klokka 20.00. Det har vore eit triveleg halvår med mange fine øvingskveldar, hyggelege kaffepauser og eg synast me har blivi meir kjende med kvarandre. Det blei eit godt kurs på Drolsum, sjå referatet. Nå gjeng me sommaren i møte med mange aktivitetar. 17. mai, dugnad på hytta, Bygdøystemne, Landskappleik, Tuddalsstemne og mykje anna. Haustsemesteret byrjar opp att 18. september og nybyrjarkurs tek til 2. oktober (**påmelding innan** 25. september). Inger, Oddvar, Lena og Per har vore på befaring på hytta og bestemt at det er naudsynt med dugnad. Lena har handla inn beis og maling, og 30. og 31.mai er satt av til dugnad. Det er plass til fleire på arbeidslista!! Eg ynskjer alle ein fin sommar og vonar at me sjåast i eller utan bunad og dansesko

Live

Referat vidaregåande kurs i Teledans på Drolsum 18.-20. april 2008

Me starta kurset på fredag med betasuppe, høveleg drikke og dans etterpå slik at rettleiarane skulle sjå korleis me dansa. Laurdag var det felles frukost, mykje god rettleiing og kjempegod elg/reinsdyrgryte til middag. Sondag spratt me opp til frukost og spelemannen Øystein Hovden var ute i uvanleg god tid (ingen hadde fortald han at frukosten var seinare enn dagen før) Me haldt fram med rettleiing og avslutta med oppsummering av kurset før lunsj. Kurset skulle dreie seg om, særleg jentedansen, føring av dansepartnaren og det å danse på slåtten – fylgje slåtten og få tak og vendingar til å høve med denne. Me hadde vald to kvinnelege rettleiarar, Rønnaug Larsen og Olaug Slåtta, for at jentene skulle ha nokon å sjå etter, samstundes som at gutane skulle få attende melding på korleis dei leia jentene i dansen. Dei synt fram måtar me kunne lære å fylgje slåtten på og hadde godt samarbeid med spelemannen vår, som fekk mykje ros. Det var ingen påmelde spelemenn til dette kurset, men eg trur spelemannen vår lærde mykje av dette dansekurset.

Været var upåklageleg og me fekk tid til hesteskosting innimellom dansinga. Bra tiltak Ruth og John. Stor takk til Inger og Oddvar for proviantering og organisering av maten. Og takk til dei som hadde bakt kaker sjølvsagt.

Under oppsummeringa kom det fram at dei fleste var særst nøgde med kurset, både fagleg og sosialt. Me fekk melding om at me må være flinkare til å skifte partner under dansen og ha meir omsut for dei som kjem utan partner. Dette er noko me alle må jobbe med. Det blei også gjeve uttrykk for at det vi lærte på kurset kan nyttast på danseøvingane våre kvar torsdag, og bidra til at me tek vare på denne verdifulle sida av kulturarven som bygdedans og slåttespel gjev.

Kva skjer frametter?

- 15. mai, torsdag kl. 20.00* Telekveld og siste øving før sommaren. Huldreleiken spelar til dans. Kr. 5,- for studentar, kr. 20,- for medlemmar, kr. 50,- for andre.
- 17. mai, laurdag - ut på dagen* Dugnadsdansing rundt på sjukeheimar o.a.
- 30.-31.mai* Dugnad på hytta på Brenna. Beising og maling av hytta utvendig og vask av hytta innvendig. Kontakt Per Rinde for meire informasjon, rindeper@gmail.com, tlf.: 957 53 930
- 1. juni* Bygdøystemne, Folkemuseet. Oppmøte i Teletunet ca kl 13.00 til felles lunsj. Dansing etterpå. Kontakt Live for meir informasjon, 900 79 618
- 7. juni* Musikkens dag. Huldreleiken spelar på Egertorget kl 12 – 12.30
- 25. juni – 29. juli* Landskappleiken på Oppdal.
- 18.-20-juli* Tuddalstemne. Laurdag vil det være moglegheit for ein tur inn til hytta til Live på Flottin
- 18.september, kl 20.00* Haustsemesteret startar opp att. Blåsalen, Nordahl Brunsgt.22
- 2.oktober, kl 19.00-20.30* Nybyrjarkurs i Teledans. Påmelding til kurs sjå www.telelaget.org
- 27.november* Årsmøte i Telelaget
- 4.desember* Jolefest

For meir informasjon om andre aktivitetar sjå www.folkemusikk.no eller send mail til noidendur@c2i.net

Med helsing
Styre og stell